

* Eigedomssal



Ventar med gardssal til skatten blir kutta

Arvrentar: Ingvar Haugland (68) har lagt ned drifta for fleire år sidan, men han vil vente med å selje bruket på litt under 100 mål jord til reglane for sal av landbrukseigedom blir endeleg avklart.

Ingvar Haugland (68) ventar med å selje garden til reglane for sal av landbrukseigedom er avklart. KrF ber regjeringa få fortgang på skattekuttet som er lova.

I regjeringserklæringa går det fram at Høgre og Frp vil redusere skatten på gevinst ved sal av jordbrukseigedom. I dag kan bønder måtte betale over 50 prosent i skatt ved sal. I tillegg har regjeringa foreslått å fjerne konsesjonsloven, prisregulering og buplikt, og dei vurderer å endre fleire andre reglar som påverkar sal av landbrukseigedom.

Ingvar Haugland (68) har for lengst lagt ned gardsdrifta, men gardsbruket har han ikkje tenkt å

selje før det kjem ei avklaring om rammevilkåra.

– Eg vil vente med å selje garden til det blir klart kva som blir resultatet. Regjeringa må få farten opp og bestemme seg. Eg veit om mange som sit på gjerdet og ventar med å selje. Heile systemet stoppar opp, seier Haugland, som har vore grisebonde på Haugland i Time på Jæren i ein mannsalder.

Tatt på senga av skatteauke
Fram til 2004 var det i dei fleste



tilfella ikkje skatt på sal av landbrukseigedom. Haugland gjekk på den tida med planar om å selje garden. Då regjeringa varsla at salsgevinsten skulle skattleggast frå nyttår, fekk han det travelt.

– Då eg hørde det på radioen stelte eg ferdig i sjøset så raskt eg kunne og reiste rett til eigdomsmeklar. Eg la garden ut for sal, men det blei for kort tid før nyttår. Det kom ingen bod. Det er håplaus av folkevalde å gjere slik, seier Haugland frustrert.

I dag risikerer bønder å måtte

skatte over 50 prosent av gevinsten ved sal av landbrukseigedom. Har derimot eigaren lagt ned drifta og leigd ut jorda dei siste åra blir skatten nær halvert. Haugland har tilpassa seg og leigd ut dei siste tre åra. Skattsatsen blir dermed 27 prosent, men han vil likevel vente med å selje.

– Det er jo umogleg å vite kva dei der inne i Oslo finn på, så eg vil vente og sjå. Det burde jo vore skattefritt å selje, slik det var før. Det ville fått fart på sala og gardsprisane kunne haldast på eit nivå som står i stil til innteninga i landbruket, seier 68-åringen.

Han er kritisk til at reglane stimulerer til nedlegging og utleige.

– Systemet skulle vore motsett. Det burde vore låg eller ingen skatt på sal av gardar i drift, seier han og viser til at det ville vore ein

fordel for vidare drift av gardsbruket.

– Får uheldige følgjer

Norges Bondelag fortel om stor pågang frå bønder med salsplanar som er i tvil om kva dei skal gjere.

– Vi får mange spørsmål om det. Det er forståeleg at bønder vil vente med å selje når regjeringa har lova opp mot ei halvering av skatten. Når regjeringa kjem med så klare lovnader, så er det viktig at dei følgjer raskt opp. Viss ikkje kan marknaden bli påverka, seier avdelingssjef Arnstein Tveito i Bondelaget.

Han seier utsetjing får fleire uheldig konsekvensar.

– Konsekvensen kan bli at jord blir liggjande brakk og at ungdom ikkje får sleppe til, seier han.



Fakta

Reglar for landbrukseigedom

- ✱ **I regjeringserklæringa tar** Høgre og Frp til orde for å redusere skattesatsen på gevinst ved sal av verksemd i jordbruket til ordinær kapitalsskatt.
- ✱ **Det blir vidare tatt til orde for å** oppheve konsesjonsloven, buplikta, delingsforbodet og priskontrollen, i tillegg til at praktiseringa og effekten av driveplikta skal utgreiast og vurderast oppheva.
- ✱ **Gevinsten ved fritt sal** av gardsbruk i drift blir i dag skattlagt som næringsinntekt, noko som kan gi opp til litt over 50% skatt. Er eigedommen utleigd blir gevinsten skattlagt som kapitalinntekt, som i dag er på 27%. Før 2004 var det skattefritak om eigaren hadde eigd bruket over 10 år og det blei selt som ein landbrukseigedom.
- ✱ **Tidleg på 2000-talet** blei det omsett rundt 9000 bruk årleg. Etter skatteomlegginga har omsetninga svinga rundt 7000 pr år. Under ein tredel blir selt fritt i marknaden.

Sjølv meiner han det beste for å få fart på omsetninga av eigedommar vil vere å fjerne skatten.

FOTO: BJARNE BEKKHEIEN AASE

Tveito seier Bondelaget gjerne vil ha skattefritak for sal av landbrukseigedom, på linje med reglane for vanlege bustader.

– Det vil vere bra for å få mindre leigejord. I dag stimulerer skatte-reglane til utleige, seier han.

KrF ber om fortgang

Næringspolitisk talsperson Line

SKATTEKUTT

«Når regjeringa har varsla skatteendringar, er det viktig at dei leverer. Det er uheldig viss marknaden stoppar opp»

LINE HENRIETTE HJEMDAL
NÆRINGSPOLITISK TALSPERSON I KR.F.

Henriette Hjemdal (KrF) seier ho forstår at bønder sit på gjerdet. Ho ber om fortgang.

– Når regjeringa har varsla skatteendringar, så er det viktig at dei leverer. Det er uheldig viss marknaden stoppar opp og nye generasjonar ikkje slepp til, seier Hjemdal, som òg seier det er uheldig om reglane gir meir leigejord.



Ho seier KrF støttar at skattesatsen blir redusert til kapitalsskatt på 27 prosent.

– Her må regjeringa berre leve, seier ho.

Åtvarar mot frislepp

Haugland håper òg på ei rask avklaring. Han har derimot lite til overs for forslaget til regjeringa om å fjerne konsesjonsloven.

– Fjernar dei den så blir det kaos. Då vil Stordalen & Co stå i kø for å kjøpe opp eigedomar i sentrale strøk. Det vil neppe gi meir matproduksjon. Vil dei få gang på sala, så vil dei kome langt med å kutte skatten, seier 68-åringen, som håper på ei snarleg avklaring.

BJARNE BEKKHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

Synes konsesjonsloven er blodig urettferdig

Landbruksminister Sylvi Listhaug mener hun har flertallet på Stortinget med seg for oppmyking av konsesjonsloven.

– Det er ofte sterke følelser knyttet til gården. Jeg og min bror er opptatt av at vår gård skal forbli innad i familien. Da jeg vokste opp, syntes jeg det var blodig urettferdig at vår eiendom, som var mye større enn naboens, likevel var mindre verd, sa Listhaug. Slik åpnet hun gårdsdagens frokostdebatt i regi av Eiendom Norge om konsesjonsloven. Listhaug har sendt et forslag om å oppheve hele konsesjonsloven på høring. Det vil si at det skal bli fri prissetting på gårdsbruk, at boplikten oppheves, men at driveplikten opprettholdes. Høringssvarene viser at det er sterk motstand mot forslaget i Kommune-Norge.

– Blander seg

– Det overrasker meg ikke. For det handler om er å ta makten fra byråkrater og politikere som i dag blander seg oppi den private eiendomsretten. Jeg tror likevel vi kommer til å få til en oppmyking av konsesjonsloven ved at færre landbrukseiendommer kommer til å falle inn under konsesjonsloven enn før, sa Listhaug. Det kan skje enten ved å heve taket for hvor mye gården må være verd eller hvor mye dyrket mark den må ha før den faller inn under konsesjonsloven.

Ikke hus, men jord

En slik oppmyking skjedde også under den forrige regjeringen. Da ble verditaket hevet til 2,5 millioner kroner og det ble lettere å skille boligen fra tomten, slik at boligen kunne selges til vanlig eiendomspris.

– Jeg bryr meg ikke om husene, men er veldig opptatt av at mest mulig av råvareressursene er i nasjonalt og lokalt eie, slik at

Fakta

Konsesjonsloven

- ✱ **Regjeringen har sagt** at den vil fjerne konsesjonsloven.
- ✱ **I oktober sendte Listhaug ut** et forslag på høring som fikk massiv motstand fra kommunene.
- ✱ **Forslaget innebærer** å fjerne boplikten, prisreguleringer på landbruksleieendommer men at driveplikten opprettholdes.
- ✱ **Regjeringen vil levere** et forslag til vedtak til Stortinget før sommeren.

ikke jorda splittes opp og selges til selskaper, sier Sp-leder Trygve Slagsvold Vedum.

Aps stortingsrepresentant Odd Omland åpnet på frokostmøtet for å gjøre endringer i konsesjonsloven.

Mot store endringer

– Vi har ikke sagt at alt skal være som i dag for alltid. Vi er villige til å se på justeringer av grensene for boligverdi og nedre grense for areal. Men det å fjerne loven, boplikten og priskontrollen vil endre hele landbrukspolitikken, og det er vi mot, sa Omland.

Regjeringen har sannsynligvis ikke flertall på Stortinget for å fjerne konsesjonsloven, men kan ha flertall for en oppmyking. KrF åpner i sitt stortingsprogram for at det kun skal være boplikt på gårder «av en viss størrelse» uten å spesifisere hvor stor. Venstre er for en viss heving av pristaket.

Listhaug er glad for at flere partier ønsker liberalisering.

– At flere partier ser behov for endring er jeg godt fornøyd med.

IDA DE ROSA

ida.derosa@nationen.no



Urettferdig: Sylvi Listhaug synes det er urettferdig at familiegården er mindre verd enn nabotomten, selv om den er mye større.